

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.01.2020
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Val av revisjonsutval**

ARKIVSAK: 2020/88
STYRESAK: **040/20**

STYREMØTE: **11.03 2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:

- 1.
- 2.
- 3.

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen. Det blir i saka fremma forslag om nytt revisjonsutval.

Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med revisjonsutval (tidlegare kalla kontrollkomitè og revisjonskomitè). Utvalet er eit underutval av styret og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa. Revisjonsutvalet har tre medlemmer.

Ordninga med revisjonsutval blei med verknad frå 1. januar 2013 lovfesta, jf. helseføretakslova § 21a som har følgjande ordlyd:

«Styret i regionalt helseforetak velger blant sine medlemmer minst tre personer til styrets revisjonsutvalg. Begge kjønn skal være representert. Styreleder kan ikke velges. Minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap og revisjon.»

Styret tilsetter leder for internrevisjonen og fastsetter instruks og årsplan for internrevisjonen.»

Det er utarbeidd instruks for revisjonsutvalet, og denne blei sist revidert i samband med styret si årlege gjennomgang av styrande dokument, jf. sak 024/19, behandla i styremøtet 6. mars 2019. Instruksen følger saka som vedlegg. I tillegg er ordninga omtala i Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak der det heitar følgjande:

«Det regionale helseforetaket skal ha et revisjonsutvalg. Revisjonsutvalget utfører sitt arbeid på vegne av styret og har både det regionale helseforetaket og helseforetakene som arbeidsområde. Revisjonsutvalget velges av og blant styrets medlemmer, begge kjønn skal være representert og minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap eller revisjon.»

Kommentarar

I følgje punkt 2.2 i instruksen for revisjonsutvalet skal styret velje medlemmane av revisjonsutvalet for to år om gangen. Styret utpeikte følgjande medlemmer som revisjonsutval i styremøte 8. februar 2018 (sak 015/18):

- Gunnar Berge, leiar
- Olin Johanne Henden, medlem
- Lise Karin Strømme, medlem

I styresak 025/19 blei Bente Pilskog vald som nytt medlem av revisjonsutvalet til erstatning for Lise Karin Strømme.

I føretaksmøte 14.01.20, blei følgjande honorar fastsett for medlemmer av revisjonsutvalet:

For medlemmene i revisjonsutvalet vert det fastsett følgjande honorar:

Revisjonsutvalets leiar 37 400 kr
Revisjonsutvalets medlemmer 18 700 kr

Vedlegg:

Instruks for revisjonsutvalet i Helse Vest RHF